

---

Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.

---

## **Rapportering frå NSC thematic groups**

**Gruppe:**           **Transport**

**Representantar frå Hordaland:**

Nils T. Bjørke (forfall)

Frå administrasjonen møtte Matti Torgersen

### **Tid og sted**

Göttingen 29. juni 2017
-------------------------

### **Hovudsaker**

Grappa har fast agenda med følgjande punkt som hovudsaker:

- Informasjon frå medlemsregionane
- Oppdatering på saker frå NSC/CPMR
- Clean Transport
- Clean Shipping
- TEN-T og CEF (Kjernenettverket TEN-T er 9 korridorar gjennom Europa, og CEF er ei finansieringsordning som m.a. kan finansiere prosjekt knytt til kjernenettverket)

### **Saker av interesse for Hordaland**


#### Transportsaker i sluttdokumentet for generalforsamlinga

Møtet vart helde i tilknytning til generalforsamlinga i Nordsjøkommisjonen. Det vart to transportrelaterte innspel frå transportgruppa/medlem i transportgruppa til sluttdokumentet i generalforsamlinga:

- Vest-Agder fylkeskommune spelte inn at Nordsjøkommisjonen skulle be IMO (International Maritime Organization) og relevante EU-institusjonar om å utvikle og ta i bruk eit felles sett av reguleringar for bruk av landstrøm for cruiseskip. Dette for å redusere utslepp og å motivere reiarlag til å gjere dei naudsynte investeringane for skip i område som er omfatta av svoveldirektivet (m.a. Nordsjøen). Det vart ein diskusjon om framlegget kunne svekke cruisenæringa i Nordsjøområdet, men det vart konkludert med at området er såpass populært at krav til landstrøm neppe får stor betydning for trafikken.
- Det vart påpeikt at EU-midlar til transportinfrastrukturbygging gjennom ordninga Connection European Facilities (CEF) har vore fordelt til ulempe for perifere regionar, noko det blir uttrykt

bekymring for. Vidare ber ein om at Scan-Med -korridoren blir utvida til også å omfatte Nordre Jylland opp til Hirtshals/Fredrikshavn, samt strekninga Oslo-Stockholm i neste revisjon av kjernekorridorarar i TEN-T nettverket (frå 2021). Den praktiske konsekvensen av dette er at det då kan søkjast om CEF-midlar i EU til planlegging og utbygging av nettet. Kartet under viser dei 9 kjernekorridorane i TEN-T-nettverket. TEN-T består både av jernbane, vegar, flyplassar og hamnar.

### Nine TEN-T Core Network Corridors



### EU-prosessar

Det pågår ein revisjon av EU sitt «clean vehicle directive» som etter planen skal leggjast fram i løpet av dette året. Det vil kunne få store konsekvensar for offentleg kollektivtransport.

EU-kommisjonen har lagt fram ein «mobilitetspakke» som m.a. inneheld framlegg til reglar for vegprising, felleseuropeisk elektronisk betalingsteneste for bompengar, styrking av sosialavgjevinga i vegtransport og multimodal reiseinformasjon og for overvaking og rapportering av CO<sub>2</sub>-utslipp frå tunge køyretøy. Dette vert omtala nærare i Samferdselsnytt frå EU-delegasjonen:

[http://mailchi.mp/46f13c58a141/samferdselsnytt\\_nr\\_3\\_2017](http://mailchi.mp/46f13c58a141/samferdselsnytt_nr_3_2017)

### Saker frå medlemsregionar

Dei danske statsbaner har vedteke å ikkje kjøpe inn høghastighetstog. Danske regionar ser på dette som eit tilbakeskritt.

Västra Götaland freistar å få nasjonale midlar til å utbetre jernbane mellom Oslo og Göteborg. Örebro på si side arbeider for styrkje jernbane mellom Oslo og Stockholm, og private selskap er interessert i å stå for utbygging.

### Nye transportprosjekt med støtte frå Nordsjøprogrammet

Tre transportprosjekt fekk støtte i fordeling frå Nordsjøprogrammet i tildeling i juni 2017. Dette var:

- #IWTS 2.0 #Inland Waterway Transport Solutions: Stimulere til løysingar for grønne transportløysingar for regional gods- og passasjertransport.
- G-PaTRA - Green Passenger Transport in Rural Areas: Målet med prosjektet er å finne miljøvennlige transportløysingar i distriktene. Møre og Romsdal fylkeskommune deltek i prosjektet.
- SURFLOGH - Smart Urban Freight Logistics Hubs: Utvikle effektive og berekraftige løysingar for distribusjon av gods i byar

Det vart peikt på at det har vore få søknader til transportprosjekt så langt, og at det er behov for å stimulere til prosjektutvikling innan transportområdet.

### Clean shipping

Fylka på Vestlandet er beden om å følgje opp området «Clean Shipping». Møre og Romsdal har hovudansvar, og Hordaland er beden om å bistå. Det er teke kontakt med Vest-Norges Brusselkontor for å dei følgje med og overvake det som skjer innan dette temaet i EU-samanheng.

## Parallellsesjon om transport under Nordsjøkonferansen

Under konferansen var det parallellsesjon med transporttema. Nokre prosjekt som vart presenterte:

I samband med at Universitetet i Hannover opnar ny campus i 2019, skal gjerast eit forsøk med førarløs buss til campusen. Bussen skal vere av normal storleik, og gå på offentleg veg saman med anna trafikk. Ruta er 3 km. Det vert sett m.a. på korleis handtere stor ulikskap i trafikkmengde på ulike tidspunkt på dagen, sikkerheit og naudsystem og kva endringar som må gjerast på trafikksenteret.

I Niedersachsen i Tyskland blir det gjennomført eit prosjekt kalla Bus Scout for å få skuleborn til å ta buss og å rekruttere framtidige busspassasjerar. Det er etablert samarbeid med lokale styresmakter, politi og busselskap med sikte på å gi borna gode opplevingar ved kollektivtrafikk.

Det vart presentert eit delprosjekt i Flandern under Interreg-prosjektet Share North der det vert sett på ulike former for bildeling i rurale område. M.a omfattar det:

- Bildeling blant naboar.
- Utleige av bilar eigd av bedrifter til privatpersonar utanom arbeidstid. Bestillingsbil som køyrer ut og handlar daglegvarer for personar som bestiller over nettet.
- Bildeling for handikappa
- Frivillige som køyrer taxi for eldre. Dei kunne vise til 3000 frivillige som køyrte for 30.000 eldre. Med dette er det mogleg å fokusere på folk med låg inntekt.
- Prosjektet ser på ulike forretningsmodellar for bildeling i rurale område